

**Årsmøte
2019
Sandane Sykkelklubb**



**Velkomen til årsmøte i Sandane Sykkelklubb
24. februar 2019 kl 19.00**

Saksliste for SSK Årsmøte 2018

1. Godkjenning av innkalling og saksliste

2. Val av møteleiar, skrivar og to underskrivarar av protokoll

3. Innkomne saker til styret

4. Årsmelding, presentasjon og godkjenning

5. Rekneskap (vedlegg 1)

6. Kontingent 2020

7. Budsjett (vedlegg 2)

8. Val (vedlegg 3)

Årsmøtet er slutt

Matøkt

**Fri drøfting om framtida til SSK og om komande sesong 2019
med innspel til nye styret.**

Årsmelding

Styresamansetnad 2018

Årsmøtet 2018 valde denne styresamansetnad:

Leiar	Jørgen Rolighed Bergset (1 år)
Nestleiar	Bjørn Inge Solheim (2 år)
Kasserar	Janne Almenning (2 år)
Skrivar	Yngvill Oen (1 år)
Styremedlem	Tord Hafnor (2 år)
Vara	Kjersti Rønningen (1 år)
Revisorar	Odd Bjarne Tveit (ny, 2 år att) Øystein Sundal (ny, 2 år att)
Valnemnd	Ole Marius Gloppestad Ragnhild Sollid

Medlemstal

SSK har ved utgangen av 2018 72 betalande medlemer. Det er minke på 35 medlemer samanlikna med året før.

Møter og saker i styret

Det har i 2018 vore 6 styremøter. Årsmøtet vart avvikla i Bano 11. mars 2018. Det var her uformell drøfting om fellestreningar, treningsdagar og tider, Nordfjorddrittet med meir.

2018 var første året utan Nordfjorddrittet etter fem år med.

Pumptracken vart asfaltet og det vart planlagt opning av denne i haust, men vi valde å avlyse arrangementet pga meldt ekstremver. Sidan vart hausten berre våtare, så vi valde å utsetje arrangementet til 2019 og heller ta det som eit «vårslepp».

Det har vore ein del aktivitet rundt planlegging av stisykkelsenteret på Vereide.

Trening

Treningsleir

Ingen organisert treningsleir i klubbregi i 2018. Fleire valde likevel å «tjuvstarta» sykkelsesongen på eiga hand ved å reise til varmare strøk tidleg på våren.

Fellestrening herrar

Frå april til medio september har det vore tilbod om to fellestreningar: på landeveg tysdager og på terrengsykkel torsdager, som kunngjort i heimesida sandanesk.no.

Ein valde i årsmøtet 2018 å redusere tal fellestreningar og å kutte ut klubbmeisterskåp med von om større interesse for deltaking på fellestreningene.

Arne M sette opp treningsliste for april til medio september. Etter hans vurdering var deltaking på fellestreningar som året før eller litt lågare. Det er ikkje ført statistikk for deltaking på fellestreningane.

Aktivitet damer

Det har vore veldig lite aktivitet blant damene i klubben i 2018.

Vi hadde oppstart fellestrening 4.april. Onsdagane la vi opp til intervalltrening i svingane på Vereide, Søreide og Fjellbygda med fritt sykkelvalg. Mandagane hadde vi landevegssykling i område rundt fjorden, til Breim og mot Hyen.

Nytt for året var fellestrening i lag med gutane søndag morgon. I utgangspunktet veldig kjekt, men damene uteblei dessverre! Kun ei søndagstrening registrert med damer.

Det var i snitt 2 damer på trening den første mnd, så dabba det av og ingen møtte på fellestrening.

I mai reiste Ragnhild G og Yngvill til Alcudia på Mallorca ilag med 5 andre damer (4 frå Florø og 1 frå Maløy) veldig kjekk tur. Det vart sykla kvar dag, med forskjellig lengde på turane. Vi saknar fleire SSK-damer med på denne årlige, sosiale turen.

Innetrening

Ingen organisert spinning i regi av SSK i 2018. Nokre få har delteke på spinning hjå Spenst. På Strava går det fram stor aktivitet på Zwift blant medlemmer i SSK. Dette er aktivitet ikkje organisert av SSK.

Sportslege resultat 2018

Det var mange lokale ritt som i 2018 var avlyst eller nedlagt. Mange pga dei nye løypevaktreglane som vart innført med verknad frå 01.01.2018.

Det var låg deltaking av SSK-ryttarar på dei ritt som var.

Det vart ikkje ført statistikk over resultat eller deltaking i ritt eller andre konkurranser for SSK for 2018.

Arrangement

Årsmøtet 2018 valde Birebeinerrittet som rittet klubben skulle satse på som felles arrangement med leige av minibuss. Her deltok 8 karar.

Styret valde å ville satse på eit barne-/familiearrangement etter skulestart. Ein ville i dette arrangementet sikte mot å presentere sykkelaktivitet, men framfor alt å lage ein offisiell opning av Pump tracket. Ein la til rette for «Rullefestival» medio september. Det var meint å skje i kombinasjon med eit kommunalt tiltak for å fremje mobilitet alternativt til bilkøyring. Det styret ikkje hadde teke høgde for var at det kunne kome hauststorm og ekstremnedbør same dag. Ein valde difor å utsetje Rullefestival til våren.

Sponsor/klubbavtale

Klubben laga i 2017 treårig avtale med Olav K. Henden (no Intersport).

Klubben sine medlemmer får rabatt på sykler og sykkelutstyr kjøpt hjå Olav K. Henden. Dei støtter og klubber med premier og gåver på arrangement.

Avtalen med Henden ligg tilgjengeleg på nettsidene til SSK.

Trenarar/kurs

Kjetil Eide har Trenar 1 + 2 kurs.

Arne Nesgård har Trenar 1 kurs.

Vidar Eide har Trenar 1 kurs, praktisk del.
Ingen har delteke på kurs i 2018

Drakter

Vi har avtale med Trimtex om draktutforming og produksjon. Denne avtalen gjev oss høve til at medlemmer sjølve kan tinge drakter to gongar i året til same prisene som vi fekk i klubbavtalen, utan omsyn til tal.

Det vart små endringar på utsjånad/utforming av SSK-drakta i 2018 (oppdatering og plassering av sponsorlogoar). SSK har eit avgrensa tal drakter på lager for sal til medlemmer.

Sommaren 2018 overtok Bjørn Inge Solheim som draktansvarleg etter at Magne Moritsgård som har hatt hand om dette i mange år. Styret vil nytte høvet å takke Magne for den frivillege jobben han har gjort.

Syklar/Utstyr

Klubben har ymse utstyr og verkty som medlemmer kan låne. Vi har og fire landevegsyklar til utlån. Hjul og girkasettar kan lånast av juniorar etter avtale.

Klubben har og ulike krankverkty til utlån.

Pumptrack

Med stønad frå Gjensidigestiftinga vart pumptracken asfaltert i sommar. Med dette gjenstår det lite dugnadsarbeid: såing eller legging av plen og regelbunde vedlikehald.

NIF Flyktningefond

SSK søkte om midler frå NIF Flyktningefond i 2017 for integreringstiltak til flyktningar i kommunen. Midler til dette vart løyvd og vart utbetalt i 2017 og i 2018 leverte vi tre terrengsykler med utstyr til det kommunale tiltak for einslege mindreårige flyktningar.

Stisykling/terrengsykling

SSK er blitt involvert i sykkelstibygginga i Gloppen. Tord Hafnor har representert dette miljøet i styret. Styret har med dette fått ein meir aktiv rolle i utvikling av Stisykkelsenteret på Vereide. Det gjev klubben ein meir allsidig profil og vi vonar at organisering i felles klubb vil kunne gje større slagkraft og fleire å spele på ved gjennomføring av dugnader og arrangement.

Styret i Sandane Sykkelklubb, februar 2019

Jørgen Rolighed Bergset

Bjørn Inge Solheim

Ygvill Oen

Janne Almenning

Tord Hafnor

Vedlegg 2

Budsjett 2019

SANDANE SYKKELKLUBB 2018						
RESULTATREKNESKAP						
Kontonr	Kontonamn				Budsjett	
Inntekter		2018	2017	2019		
3211	Sal av sykkelkle	4 959	6062	5 000,00		
3440	Tilskot	165 600	60027	20 000,00		
3920	Medlemskontingent	8 600	11800	10 000,00		
3997	Grasrotandel Norsk Tipping	4 271	2819	3 500,00		
	Nordfjordrittet 2017		83624	0,00		
Sum inntekter		183 430	164 332	38 500,00		
Utgifter						
4300	Kjøp av sykkelkle	11 591	20467	0,00		
6580	Kjøp av utstyr, sykklar	19 999		0,00		
6620	Vedlikehold anlegg, utstyr etc	213 377	21926	25 000,00		
6860	Møte, kurs, oppdatering etc	801		1 000,00		
6890	Andre administrasjonskostnader	2 068	17619	2 500,00		
7320	Annonser	563		1 000,00		
7400	Medlemskontingent	3 500		3 500,00		
7420	Gåver og premiar	915		1 000,00		
7500	Forsikringspremiar	3 117		3 200,00		
7770	Bank og kortgebyrer	1 544		1 600,00		
7790	Diverse kostnader (røde kors vakter NR 2017)	4 343		0,00		
7997	Sosiale aktiviteter	11 950	3141	5 000,00		
7998	Støtte til trening og ritt	12 000	0	12 000,00		
Sum utgifter		285 768	63153	55 800,00		
8040	Renteinntekter	875	959	800,00		
Årets underskot/overskot		-101 463	102 138	-16 500,00		
BALANSE						
kontonr	Kontonavn	Inngående	Debet	Kredit	Netto	Utgående
1920	3705 07 87428	380 404	184 305	-285 768	-101 463	278 941
2050	Eigenkapital	-380 404	101 463	-	101 463	-278 941
	Verdi av kle på lager, sykklar,verktøy	40000				
Sandane, 04.01.2019						
Jørgen Rolighed Bergset		Bjørn Inge Solheim		Janne Almenning		
styreleiar		nestleiar		kasserar/styremedlem		
Yngvill Oen		Tord Hafnor				
sekretær		Styremedlem				

Vedlegg 3

Innstilling frå Valnemnda til val i SSK, årsmøtet 24. februar 2019.

Styre

Leiar	???, (ny, 1 år)
Nestleiar	Bjørn Inge Solheim (1 år att)
Kasserar	Janne Almenning (1 år att)
Styremedlem	Tord Hafnor (1 år att)
Styremedlem	Jonny Hauge (ny 2 år)
Vara til styre	Kjersti Rønningen (attval, 2 år)

Revisorar

Odd Bjarne Tveit (1 år att)
Øystein Sundal (1 år att)

Valnemnd

Ole Marius Gloppestad (1 år att)
Henry Hammersland (ny, 2 år)

For valnemnda

Ragnhild Sollid (leiar)

Ole Marius Gloppestad

Frå Valnemnda

Valnemnda ved Ragnhild og Ole Marius har sidan desember jobba med å erstatte dei to i Styret som har signalisert at dei ønskjer avløyning (Jørgen og Yngvill). Det har generelt vist seg å vere vanskeleg å få nokon til å stille på i styret, og spesielt som leiar.

Johnny Hauge har sagt seg villeg til å stille, men då som ordinært styremedlem.

Sett i lys av at vi har store vanskar med å hente inn ny leiar samt at klubben ser ut til å ha lågare aktivitet framover, vil vi foreslå at Styret vurderer å framlegge ei sak for årsmøtet der ein reduserer antal styremedlemmer frå 5 til 3, eller sekundært til 4 for 2019. Leiar-problemstillinga gjenstår, og vi ser ingen annan utveg enn å utfordre det sittande styret til å finne ei mellombels løysing for 2019. Kan det eksempelvis vere aktuelt at Jørgen sit 1 år til fram til neste årsmøte, og at vi deretter i 2020 reduserer til 3 styremedlemmer og då kjem inn med 2 nye!?

Helsing ved valnemnda
Ragnhild Sollid og Ole Marius Gløppestad

Innspel til årsmøtet frå styret

Valnemnda har gjort iherdig innsats for å skaffe leiarkandidat og kvinneleg kandidat til styret, utan å lukkast. Styret ser føre seg ulike løysingar og utfall.

1. Redusere tal styremedlemer til tre: Slikt vedtak kan berre årsmøtet gjere. Ein må då skipe til omframt årsmøte om ein månad. Styret finn at det ikkje vil løyse leiarspørsmålet og det vil ikkje vere noko gunstig å redusere tal styremedlem då det vil føre til auka mengd arbeid på dei tre styremedlem som tek på seg å utgjere eit styre med ferre medlemer.
2. Innføre leiarhonorar: Med von om at det vil kunne gjere det lettare å skaffe leiar kan årsmøtet vedta at styret skal ha styrehonorar (leiar eller heile styret),
3. Det er søkt NIF om dispensasjon for kravet om tilnærma kjønnsbalanse i samansetnad av styre, Årsmøtet må ta stilling til om ein vil nytte slik dispensasjon.
4. Oppløysing av klubben? I Gloppen kommune er det to sykkelklubber, SSK og Breim IL Sykkel. Ein kan vurdere om ein skal samle desse to til ein klubb. Årsmøtet kan gje styret mandat til å ta opp drøfting av dette med Breim IL Sykkel.

Vedlegg 4

Arbeidsplan SSK 2018

Styret i SSK tok i 2018 til med å planlegge etter «Årshjul» og langtids møteplan. Årshjul skildrar repeterande aktivitetar gjennom året. Møteplan legg seg naturleg opp mot aktivitetene i årshjulet.

Tidsrom	Aktivitet
Februar-mars	Årsmøte
Mars	Konstituering av nytt styre
Mars	Ferdigstille turliste
April/mai	Treningleirer
September til juni	Arrangere NFR?
April til september	Gjennomføre Felles-treningar
Mai til september	Delta på ritt, mtb og landeveg
Mai til september	Førebu NFR-Ung
August/september	Arrangere NFR-Ung
M.a. september/oktober og februar	Sosiale tilstøttingar
September til mars	Førebu Treningsleirer
Ved behov	Dugnader
Oktober til mars	Haust- og vintertrening
	Førebu val til styret
november til februar	Førebu årsmøte
januar	Innkalling til årsmøte
januar	Ferdigstilling av signert rekneskap